

# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2

MARS 1983

37. årgang

### LJOS YVER GRAV

Då me var i Austrheim, budde me nær kyrkjegarden. Der var det fredeleg og fint å gå, ikkje minst ved soloppgang og solnedgang. Då kunne eg få oppleve stemningar som kunne minna sterkt om påskesalmen "Ljos over grav": PERS.



Ljos yver grav  
som oss livsvoni gav  
rann med Guds Son ifrå daude.  
Solrenning klår  
som den venaste vår  
steig yver gravstader aude.  
Ljoset og livet for alle mann  
strålande upp med vår Frelsar rann.

Engelen kvad  
yver daudstille stad:  
Krist er med siger uppstaden!  
Sigrande vel  
yver ormen frå hel  
bøtte han brotet og skaden.  
Syndi er sona og såret grødt,  
livet av daude er atterfødt.







Menneskeson,  
du til livande von  
ved di uppreising oss fødde!



Liv gjennom grav  
ved din daude du gav  
då fyre brøder du blødde.  
Alle som livande på deg tru,  
døyande skal i ditt ljøs få bu.

Ljøs yver grav  
fall som solskin på hav  
når me frå verdi skal fara!  
Lys oss i land  
til den livsæle strand,  
fram til det liv som skal vara,  
so me ved ljøset frå påskedag  
sæle kan liva i englelag!  
Elias Blix.

## Lovsong

Å eiga Guds nåde, kor underbart stort,  
kor underbart herleg det er.  
Å kjenna seg elska og verna om her  
av Jesus som har meg so kjær.

Å koma til Jesus kvar dag som går  
med alle mine syndesår.  
Få kjenna han reinsar meg med sitt blod,  
han kraft har i overflod.

Nei aldri eg angra eg døra let opp,  
når Frelseren banka på.  
Han tala til meg med si kjærlege røyst:  
"Barn kvi vil du frå meg gå?"

Eg døyde for deg på Golgata  
eg blodet mitt der for deg gav.  
So du skulle gå fri og til evig tid  
arta løyst og glad!

no lever eg dagleg i nåden frå han,  
det dyre Guds offerlam.  
Eg ser opp mot himlen og ventar på  
at Jesus eg snart får sjå.

## Jeg ser på deg Jesus

Jeg ser på deg Jesus når motet er borte,  
når syndene synes så store og sorte.  
Når hjertet urolig og engstelig banker,  
når satan forstyrrer mitt sinn, mine tanker.  
Ja, Frelser da fester jeg blikket på deg,  
for du, kjære Jesus, du kjenner jo meg.

Jeg ser på deg, Jesus, når bølger fra havet  
forsøker å skylle meg under i kavet,  
når sorg og bekymring vil volde meg smerte,  
når mismot vil snike seg inn i mitt hjerte,  
å Jesus, da er det så godt at jeg vet  
du stormen kan stille og skjenker meg fred.

Jeg ser på deg Jesus, når lykken meg følger,  
når solstråler spiller på lekende bølger.  
Når verden meg vinker og lokker og drager  
skjønt bare det korter på ungdommens dager,  
da ser jeg på deg, på din krone og krans,  
da glemmer jeg verden, da slukner dens glans.

Jeg ser på deg Jesus, når alt synes øde,  
når satan med list peker hen på min brøde,  
og hånlig han hvisker: det nytter ei mere,  
du ser dine synder blir flere og flere!  
Da vender jeg blikket til Frelseren hen,  
og ømt sier han jeg er Frelserens venn.

Jeg ser på deg Jesus og hjertet mitt banker  
av glede fordi du har lest mine tanker.  
Jeg vet at den ensomme spurv du ei glemmer.  
Jeg ser på deg, Jesus og vet at jeg ei  
behøver å frykte, du elsker jo meg.

(Utklipp fra et menighetsblad, sendt  
til sykeleiet.) A. Kaastad.

Borghild Faugstad, Dale,  
døyde 25.2. Ho let etter  
seg ei handskriven  
songbok.

Om fleire av songane i  
boka skriv ho at "Det  
er sanger som Gud har  
gitt meg på en under-  
full måte."  
Ho vakna gjerne om natt  
ta, og song inn tekst og  
tone på lydband når ho  
fekk ein ny song, og  
skreiv ned songen etter  
lydbandet seinare.

I gravferda vart denne  
songen lesen ved båra  
hennar.

## Kyrkjebileet på Vaksdal

På sjølve jubileumsdagen  
vert det skule- og fami-  
liegudstenesta kl. 9.30.  
Fredag 8. vert det ung-  
domskveld ved ungdoms-  
kora og fengselsprest  
Kjell Grønner.  
Laurdag 9. vert det kyrk-  
kjelydsdag med årsmøte  
for kyrkjelyden, samtale  
om arbeidet i kyrkjelyd-  
en og kyrkjekaffi i kon-  
firmantrommet kl. 10-13.

Sundag 10. april er det  
jubileumsgudstenesta v.  
prost Østtveit, kyrkje-  
koret og prestane.  
Til festsankoma på be-  
dehuset er 20-30 gjes-  
ter innbedne. Til rest-  
en av plassane, ca 130,  
kan alle som vil få ut-  
delt billetter, så langt  
dei rekk, føreåt, eller  
etter gudstenesta, om  
det er billetter att å  
då. Billetter kan ting-  
gast på prestekontoret.

Programmet for jubile-  
umskonserteren vert kunn-  
gjort seinare.

## Retting

Billetteksten s. 14 i nr  
1 skulle vera: Dette to  
fireåringane frå Eids-  
land fekk "Mi kyrkjebok"  
i haust!



Ei støvsky kjem brått farande ut av den grå massen av Saharastøv som slettar ut grensene mellom himmel og jord i det fjerne. Skya som kjem mot oss, vert lettare og tetnar fleire gonger, som ein lang slange kjem ho ålande. Det er dei! Sju lastebilar passerer oss. Støvet trengjer seg inn gjennom nase og munn og riv og slit i hals og lunger. Men vi bryr oss ikkje. Tørketida i Sør-Sudan er slik, og vi er mykje meir opptekne av lasset enn av støvet.

## Maten kjem fram

Inntrykk frå Kirkens Nødhjelps katastrofeinnsats blant Ugandaflyktningar i Sør-Sudan

Tekst og foto: Rigmor Garnes Rødset

Vi kjenner nemleg desse bilane. Vi har vore saman med dei tidligare i dag. Tidlig på morgonen gjekk vi inn på gardsplassen til høgkommisæren for flyktningar (UNHCR) i Juba. Der stod mange av dei opplesste, og då vi litt seinare tok ein sving ned til eit av dei store lagerhusa like ved Nilen, fekk vi sjå to bilar som stod der og lesste kornsekker. Den eine tilhørde UNHCR, og den andre var Kirkens Nødhjelp sin. Desse to bilane var eit godt bilete på den aksjonen vi no er midt oppi. Her arbeider nemlig KN og UNHCR side ved side, og aksjonen gjeld mat til flyktningleirane i Sør-Sudan.

Det er i prinsippet UNHCR som er ansvarleg for desse leirane, men andre SN-einingar og friviljuge organisasjonar er med og yter hjelp på ulike felt.

KN har ikkje vore mellom dei som skulle stå for matforsyningar her, men då UNHCR ein av dei første dagane i januar oppdaga at dei ikkje ville få fram noko gjennom dei vanlege kanalane, vende dei seg til KN og bad om hjelp.

KN har det største prosjektet sitt, Sudan-programmet, i dette området, og det var til leiinga i Sudan-



programmet UNHCR vende seg. Saka vart sendt over til Noreg, og det tok ikkje ei veka før vi hadde svaret: KN sette av 1 mill. kroner til aksjonen.

Så var det å få tak i kornet. Dei siste tre åra har Sør-Sudan vore meir og mindre ramma av tørke og insekt som har øydelagt store deler av avlinga.

Dei har ikkje klart å produsere nok mat til seg sjølv og har fått tilskot frå nord. KN har vore engasjert med nødhjelp.

Slik situasjonen var no, måtte ein prøve å få kontakt med nokon som alt hadde korn på lager i Juba. KN sine folk sette seg i sving, og etter få dagar var handelen i hamn. No skulle UNHCR administrere utkjøringa. Den konvoien som nett passerte oss var lasta med 1324 sekker, og ein kontrollør var med og såg til at kvar einaste sekk kom dit han skulle. Sju ulike leirar med til saman litt over 30.000 menneske skulle ha mat.

Å stå i leiren når ein bil med mat kjører inn, er som å vere med på ein stor folkefest. Plassen, som berre ein augneblink før var nesten tom, er brått full av folk. Dei aular fram frå hyttene frå alle kantar. Barna jublar og kan nesten ikkje ta augene frå den store nifse doningen som kjem, og dei vaksne skjenner på dei som kjem i vegen.

Etter ein del manøvrering er bilen på plass framfor lageret, og avlessinga kan ta til. Det tek litt tid før sjuarane er samde om korleis dei skal organisere det, men når dei først kjem i gang, går det radig.

Folket står oppstilt på sidene for å sjå på. Ein og annan er framme og sopar opp korn som renn ut av sekken.

Vi går litt ut og inn mellom folket for å prøve å få eit bilete av korleis

situasjonen er. Overalt har det vore lite mat. Det har vore jul sidan siste utkjøring, og no var vi helst litt seinare enn først planlagt. Men folket er i brukbar form. Og dei er tende på å setje i gang med dyrking så snart tida er der. I fjor kom dei akkurat på den tida frøet skulle i jorda. Då hadde dei nok med å få ly for veret. Rett nok greidde mange å så litt før den andre regntida, men det var på langt nær nok til å brødfø familien. Og ettersom flyktningane er fleire enn dei som budde i området frå før, er det ikkje mogleg å få nok mat på staden. Det er derfor dei må ha tilskot no. Etter neste haust er det målet at dei skal kunne klare seg sjølv. Og når vi ser utover jordstykkane med kassavaplantar rundt kvar einaste rund jordhytte, ser vi tydeleg at pågangsmot er her iallfall.

I Opari 3 hadde det nyleg kome mange nye flyktningar. Og her var nok situasjonen vanskelegast. Vi la særleg merke til eit lite barn. Vi gjekk med heim til hytta. Ved sida av døra var det ein opphøgd firkant. Det var grava til mora. Denne vesle vi møtte, var den minste av fem søsken. Sjølv om ho fekk næringsrik graut laga av ei blanding av mjøl, mjølkepulver og solsikkefrø, vil ho nok gå ei vanskeleg tid i møte. Det er tidkrevjande å få nok mat i slike små.

Men kornlassa vi kom med i dag, gir nok ei von om betre tider både for vaksne og barn i leiren. No er her iallfall nok mat.

### Mobbing

Ein av dei største ekspertane på mobbe-problemet, professor Dan Olweus, har gjennom sitt arbeid kunna fjerne fleire innarbeidde mytar om mobbing. Det er ikkje slik mange har trudd, at mobbing er mest utbreidd i store skular i byane. Heller ikkje er det slik at det er dei skuleveike, skuletaparane, som blir mest utsett for mobbing. Tvert om, det ser ut til at mobbing er like vanleg på små skular som store, og like vanleg på landsbygda som i byane. Eit re-

sultat som burde gi grunn til uro, er at det ser ut til å vere born frå harmoniske heimar med mykje nærleik og mykje varme som lettast blir «hakkekyllingar» i skulegården. Akkurat den typen heimar som alle meiner det er ideelt for born å vekse opp i, ser altså ut til å gi borna større problem utanfor heimen. Berre eit samspel mellom heim, skule og fritidsmiljø kan vere med på å løse slike problem, og føresetnaden må heile tida vere at det er offera vi vil hjelpe, det

er «hakkinga» vi vil til livs.

Diverre har vi dei seinare åra sett mange svært alvorlege utslag som langvarig mobbing kan gi. Born og ungdom har i rein desperasjon prøvd å ta sitt eige liv, og det har vore mange tilfelle av varige psykiske skadar som følgje av hakking i skulegården ikkje viser seg før mang år etterpå. Difor er det all grunn til å ta heile mobbe-problemet alvorleg.

Sunnørsposten



# «Esel tanker»

Man må vel være et esel for å tenke slik, men jeg synes jeg fremdeles ser ham ri på eselet sitt.

Han har ridd gjennom ganske mange århundrer allerede. Forbi fattige stuer og fyrstepalasser, gjennom skoger og travle gater. Det er nok ikke så mye mer han kan se, tenker jeg, av alt som finnes. Han har vel sett det aller meste utfolde seg av menneskelig forfengelighet, narraktighet og ondskap der han har ridd forbi.

Han har sett knyttede hender og palmeblader, hørt både jubelrop og trusler.

Likevel rir han videre. Han lar seg ikke stanse. Han rir like inn i vår tidsalder på sitt håpløst gammelaldagse esel.

Han rir som på trass. Han sitter der, så enkel og ubeskyttet på eselet som om han var vårt aller siste håp om liv og fremtid på denne hårde klode. De som kommer ham aller nærmest vil kanskje se at han smiler. Men for de aller fleste er han nok bare en blek erindring om en uskyld og en barnedrøm de forlenget har forlatt.

Nå rir han rett inn i terrorbalansen, på sitt ynkelige kjøretøy foran kanonmunninger, forbi rakettbasar, like under bombeflyenes skinnende buk. Han rir



i demonstrasjonstogene, inn i komiteene og opp på talerstolene.

De som ser ham danner en hemmelig søskenkjede som løfter palmeblad mot hverandre og hvisker til hverandre om en fred som overgår all forstand.

Han rir ut i storbyen, ut i trafikken på rødt lys, ned på kaiene, under broene, men også inn på menighetsfestene og i kirkene. Overalt hvor menneskene strekker hendene ut mot ham, gir de dem også til hverandre, synger om den store freden med trass eller tro eller fortvilelse i sine ansikter.

Både i Øst og Vest rir han. Han rir også til de

mektige, de som holder verdens skjebne i sine hender. Men det er hos vanlige folk han kjenner seg mest hjemme. Da stanser han av og til, klapper et barns hode eller stryker et gammelt kinn.

Det er alle menneskers gamle drøm om jorden som bærer ham, alle deres uoppfylte ønsker om fred, all deres fortvilte lengsel etter å få leve et rolig liv uten frykt og angst for fremtiden.

Han er altfor ydmyk til å be om taletid eller tilslutning. Likevel vet han at toget av dem som følger ham må bli stort og vil bli stort. For uten håp og lengsel kan jorden ikke bestå.

Kanskje må man være et esel for å tenke slik. Det er godt at esler finnes.

EYVIND  
SKEIE

VÅRT LAND



## til hverdags

## Jebøkene

### AVLIDNE



#### DALE

Borghild Andrea Rønhovde f.1910  
Samueline Fossmark f.1898  
Maria Haugland f.1895  
Borghild Faugstad f. 1914  
John Brudvik f. 1900  
Sverre Hestad f. 1914  
Andreas Fossmark f.1909

#### NESHEIM

Anna Berge f.1888

#### STAMNES

Lars Vik f.1891  
Andreas K. Straume f.1897

### VAKSDAL

(Vigde i Mo kyrkje)  
25.02. Jan Kåre Ulevik og  
Anne Karin Hjertholm  
(Vigde Nordhordland soren-  
skrivarembete, Bergen.

21.2. Johannes Herfindal, f.1907.  
14.3. Martha A.Eriksen, f.1899.

## Vaksdal sokneråd i jubileumsåret



Albert Tolås (er og kyrkjetenar), Gudrun Boge Karlsen, nestformann, Nils Helle, kasserar, Inger Farestveit, skrivar, Olaug Boge, Per Einar Sønnesyn, og Olav Steinsbø, formann.

# VELKOMEN TIL KYRKJE

# ker»

## Mars.

### 31.-SKIRTORS DAG

DALE kl. 11.00. R.k. Sønnesyn.

Nattverd. Kyrkjeskys.

NESHEIM Kveldsgudsteneste

m/Nattverd.

BERGSDALEN kl.11.00.S.p. Steinnes.

Nattverd.

## April

1. - Langfredag.

STANGHELLE kl.18.00. S.p.Steinnes.

VAKSDAL kl.11.00. S.p. Steinnes.

Nattverd.

EKSINGEDALEN kl.11.00. R.k.

Nattverd.

3. - 1. Påskedag.

DALE kl.11.00.Høgtidsgudsteneste  
v/S.p. Steinnes.Offer til N.M.S.  
Kyrkjeskys.

VAKSDAL kl.11.00. Høgtidsgudst  
v/R.k. Sønnesyn.

NESHEIM kl.11.00.Gudsteneste.

LAVIKASTØLEN kl.12.00.Sportsgudst

BERGSDALEN Gudsteneste sjå oppslag.

4. - 2.Påskedag.

STAMNES kl.11.00. Høgtidsgudst  
v/S.p. Steinnes.Kyrkjeskys.

EIDSLANDET kl.11.00. Høgtidsgudst  
v/R.k. Sønnesyn.



onstogene, mektige, de som holder  
og opp på verdens skjebne i sine

Vaksdal Kyrkje

10. - 1.sundag etter påske

VAKSDAL kl.11.00. Jubileumsgudst  
v/Prost Østtveit.

17. - 2.sundag etter påske.

DALE kl.19.00.R.k. Sønnesyn.  
Nattverd.

BERGSDALEN kl.11.00. R.k.Sønnesyn.  
Nattverd.Offer til Misjonshøgsk

24. - 3.sundag etter påske.

STAMNES kl.18.00. Sp. Steinnes.  
Nattverd.

NESHEIM kl.11.00. Sp.Steinnes.  
Nattverd. Offer til M.F.

## Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Bladstyrarar: Per Einar Sønnesyn (ansv.) og Magne O. Steinnes. Medarbeidarar: Skrivarane i sokneråda. Kassarar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73, bankgiro 3500.50.13117. Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal. Bladpengar kr. 25,00 (eller meir) for året.

Ekspedisjon og trykk og retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. (055) 55045.